



*Helgheim frå 1902. Teikning laga av Lars Wang*

*Huset vart flytta i 1934 til Haugland og er i dag forsamlingshuset Vonheim*

Kristian Olav Bringedal har ein artikkel om ungdomshuset vårt i juleheftet Hardangerjøl og artikkelen må reknast for verdfull historisk dokumentasjon. Så vert då også dette heftet, som imponerar med eit mangfaldig stoffutval, utgjeve av Hordaland ungdomslag. Det er ikkje minst grunn til å setta strek under ein teikning laga av Lars Wang av Helgheim i 1927. Det var 7 år før huset vart flytta til Haugland og vart Vonheim. Teikningen viser truleg Helgheim i 1902 då huset vart vigsla.

Den spesielle og faktisk forunderlege historia til huset blir grundig attgjeve av Bringedal. Teikninga vart laga i høve 25-årsjubileet. Men huset hadde også ei historie før 1902. Då var det skule på den andre sida av vegen, til det vart kjøpt av ungdomslaget.

Historia til det nye Helgheim frå 1934 er sjølv sagt også attgjeve av Bringedal og det er ikkje lite imponerende kor mykje dugnadsarbeid som er levert av eldsjelane i ungdomslaget. Rigmor Rasmussen og Louise Herland Sunde er naturleg nevnt i denne samanhengen.

Bringedal konkluderar med at det kvilar eit stort ansvar på dei som kjem etter om å føra ungdomshustradisjonen vidare. Ja, kven blir så det? Det er grunn til å minna om at det er eit svært verdfullt hus, ikkje minst sett gjennom kulturhistoriske brillar. Helgheim har betydd mykje for Uskedalen og uskedelingane.

Av Ola Matti Mathisen